



UNIVERSITETET I OSLO

NOTAT

Til:
Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Universitetsdirektør
Postboks 1072 Blindern
0316 Oslo
Administrasjonsbygningen, 9. et

Kopi:
Sakshandsamar: Anne Marthe Gibbons
Emne:
Dato: 28.11.2007 **Saksnr.:** 07/12600

Telefon: + 47 22 85 63 01
Telefaks: + 46 22 85 44 42
Nettadresse: www.uio.no/

HØYRING FORSKRIFT OM FORRENTNING OG TILBAKEBETALING AV UTDANNINGSLÅN OG TAP AV RETTIGHETER 2008 - FRÅSEGN FRÅ UNIVERSITETET I OSLO

Vi viser til utkast til *Forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettigheter 2008* sendt på høyring den 19. oktober 2007.

Forskriftsutkastet har vore sendt på høyring til fakulteta og Studentparlamentet.

Universitetet i Oslo har desse kommentarane til høyringsutkastet:

Kapittel 2, §2-2 Binding av renten


Universitetet i Oslo finn det positivt at ein kan få tilbod om å binde renta for 10 år om ein ynskjer det.

Annen del. Rentefritak, betalingsutsettelse og ettergivelse:

Studentparlamentet ved UiO peikar på at verkemidla rentefritak, betalingsutsetting og ettergiving har vore til hjelp for dei som i ein overgangsperiode (mellom anna i overgangen mellom studia og arbeidslivet) har problem med å handsame lånet sitt, til dømes på grunn av arbeidsløyse. Problemet med å legge årsinntekt til grunn for behovsprøvinga, er at det ikkje lenger i same grad vil kunne vere til hjelp for dei som i ein kortare periode treng rentefritak eller låns ettergiving som følgje av (mellombels) bortfall av inntekt. Universitetet i Oslo er difor skeptiske til dette forslaget.

Elles har UiO ingen kommentarar til høyringsutkastet.

Med helsing


Gunn-Elin Aa. Bjørneboe
universitetsdirektør


for Monica Bakken
studiedirektør